

Uskedalsungdommar markerte seg på A-laget.

22.06.2014



A-laget.

**Rosendal sitt A-lag i fotball vann i går 3-0 over Vestkysten då dei spela heimekamp på grasbanen i Rosendal. Pauseresultatet var 1-0, og det var 3 uskedelingar på laget, og alle, Dag Rune, Sondre og Marius, alle med etternamn Myklebust, bidrog til det oppløftande resultatet.**

Det vert meldt frå kampen at unge Marius spela ein drivande god kamp, og endå yngre Sondre noterte seg for sitt første mål i A-lagssamanheng. Alle dei 3 uskedelingane har mange treningstimar bak seg i ballbingen i Korsnes. Det viser kor viktige slike nærmiljøanlegg er i rekrutteringsarbeidet.

Etter siger i 2 av dei 3 siste kampene ligg no Rosendal som nr.8 på tabellen. Fullstendig tabell finn de her: <http://www.fotball.no/System-pages/Tabell/?tournamentId=139763>

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Kvinnheringen.